



FAKTA |
KVASSHOVDEN OPP

- Lengde på løypa: 7,5 km, høgdeskilnad 1030 meter.
- Rekordhaldarar: Øyvind Heiberg Sundby, Tjalve, 47:45; og Kirsten Mellevik, Fana, 54:57.
- Løpet vert arrangert i Ulvik laurdag 13. juli for sjette året på rad.
- Arrangør: Ulvik Idrottslag.

FAST SPEAKER: Dag Lindebjerg – her i Horgji Opp – er klar for Kvasshovden opp neste helg. Til venstre Magnus Jensen som jublar over andreklassen i løpet i fjor. ARKIVFOTO: LISA MARIA SØLVBORG BREISTEIN/VIDAR HERRE

Kommentererer 500 til topps

Laurdag 13. juli arrangerer Ulvik Idrettslag motbakkeløpet Kvasshovden Opp for sjette gong på rad. Som vanleg er Dag Lindebjerg speaker og losar dei 500 deltakarane opp.

Løpet starta opp i 2008, og har sidan hatt gjennomsnittleg 500 deltakarar kvart år. Mellom anna store stjerner som Kristen Skjeldal, Hilde Fenne og den noverande rekordhaldaren Øyvind Heiberg Sundby. Med plass bak speakermikrofonen er det også ein kjend person, nemleg Dag Lindebjerg. Då løpet vart sett i gang offisielt for fyrste gong sat Lindebjerg bak mikrofonen. Og han har halde på den plassen heilt sidan byringja i 2008.

Behageleg og ubehageleg
 På den tida dreiv han sjølv med motbakkeløp før han til slutt fann Kvasshovden. Der har han halde seg.
 – Løypa er behageleg å springa for deltakarane, sjølv om behageleg kanskje ikkje er det ein kallar eit motbakkeløp, seier Lindebjerg til Hordaland.
 Sjølv sit han på toppen når løpet går, men han spring sjølv opp før konkurransklassen skal springa. Speakerjobben er viktig under dette løpet, og er blitt ein viktig del av un-

derhaldninga. Levande kommentarar blir sendt via Radio Folgefonn, og ut til dei som vil høyra. Det er sett opp ein stor-skjerm på Brakanes Hotel og via høgtalarar langs postane mot toppen kan ein òg få høyra kva kommentatoren på toppen har å seia.

Mest mosjonstar


I løpet er det gjennomsnittleg 300 deltakarar i mosjonsklassen som kjempar seg opp dei 7,5 kilometrane mot toppen – som ligg 1030 meter over havet.

I konkurranseklassen er det detinot påbod om å ha ein 2,5 hlo tung ryggsekk. – Løypa går gjennom det vestnorske kulturlandskapet, seier Dag Lindebjerg, og fortel om korleis løypa svingar seg frå kaien ved forden, opp gjennom garden og til slutt opp på fjellet på stølsstiar.

Eitt av hans flottaste minne er frå toppen av Kvasshovden der menneske i dei låge hundretal sit i strålande vær og ventar på konkurranstane.

Tøff konkurranse

Løpet er veldig populært og har tiltrekt seg store namn frå Noreg. Kjende motbakkeløparar som Kristen Skjeldal, Gaute Kivåle (Røldal) og Torbjørn Ludvigsen (Bergen) er medde på i herreklassen, medan verdensmeisteren i skiskytingstartet for kvinner, Hilde Fenne, er meldt på hjå kvinnene.



FRÅ KAI TIL FJELL: Løpet startar på kaien i Ulvik, og stig 1030 høgdemeter til Kvasshovden. MONTASJE: ULVIK IL

Det blir tøff konkurranse på enkelte startnummer. I eit tøft løp, og det blir flotte premiar til vinnarane og det blir trekt ut gevinstar


KRISTOFFER BØE GETTLE | tekst kg@avisa-hordaland.no

EIGEDOM

Til leige

FERIE I BVEN? Fin leilighet for ukeseiule i Bergen sentrum. Plass til 3-4 pers. Tlf: 982 55 354. Se bilder i annonse på Finn.no: 41793319

SENTRUMSNERT HUSVERE til leige for 1 person. Ledig frå 1. august. K: 4900.- pr. mnd. Tlf: 979 89 166.



Kulturverkstaden MAGASINET

LEDIG ROM

Stiftinga Kulturverkstaden Magasinet har eit rom ledig frå 1. september for kunstnar, handverkar eller kulturarbeidar. Husleige ca. 1600 kr/mnd pluss straum. Deling mellom to persona kan vera aktuelt. Stiftinga har 24 leigetakarar og eit flott miljø med innslag av felles dugnad. Søknad med bakgrunn, aktivitet og behov.

Magasinet
 Kulturverkstaden Magasinet

Mageslivvegen 14 -16, 5705 Voss.
 vdriftstelar Maitas Ringheim, 93016572. mat@stom.no

Ledige stillingar

■ **Sport Arena**
 Vidasete opp, motbakkeløp i Feios, går søndag.



Vi søker salgsmedarbeidere

til vår Esso-stasjon på Vossevangen med tiltrøddelse 1. august.

1 års vikariat i 80% stilling med turnusvakter.

Søkere må være over 18 år.

Er du utadvendt og glad i å omgås mennesker? Er du nysgjerrig på å lære mer om salg og service, samtidig som du trives med å jobbe i team? Dersom svaret er ja, er du den vi er ute etter til vår bensinstasjon!



Høres dette spennende ut?

Skriftlig søknad sendes til

vossevangen@tiger-as.no, snarest mulig, eller ta kontakt med daglig leder Thorstein Røthe på tlf. 56 51 10 76.